

Send inn tips til:
redaksjon@vtb.no
eller ring 35 06 88 00



SNIKRANDE TROMMIS: Eivind Aase likar å arbeide med freda og verna hus ved sidan av å spele trommer. Nå er det snart plateslepp på «Tell til tjuge».

FOTO: ELSE BØRTE

Eivind og dei andre karane i Ni liv tel til tjue

Livebandet Ni liv var i studio seit i fjor haust. Dei skulle ha gjeve ut det nye albumet «Tell til tjuge» i mai, men måtte utsetje på grunn av koronaen. I dag kjem plata med ti låtar endeleg ut.

Else Børte
redaksjon@vtb.no

■ GARVIKSTRONDI

Vest-Telemark blad møter trommeslagaren i Ni liv, Eivind Aase, på Firingen med utsikt over Seljordsvatnet og Skorve. Der har han, Sara Fjågesund og dei fem barna slått seg ned på familieliegen til Sara.

– Kjekt med god plass å bolstre seg på ute med fem ungar i familiien, seier Eivind.

Fire år sidan førre album

Tidlegare budde dei i Flatdal og Eivind tek opp det store spørsmålet: Kvar ser ein fram-sida av Skorve. Er det i Flatdal

eller ved Seljordsvatnet?

Eivind og resten av Ni liv har heile tida gjeve ut plater på løpende band. Kjapt. Denne gongen har dei teke seg lang tid.

– «Tell til tjuge» passa som titel på albumet nå som det er fire år sidan me gav ut førre plate. Denne gongen tok me oss betre tid, seier Eivind.

Det er Jon Solberg som har jobba med tekstane og Jan Birger Akkerhaugen som har arbeidd med melodiar og arrangement. Resten av bandet har halde seg i bakgrunnen av tilverkinga av innhaldet på albumet.

– Det har vore viktig for oss å gjera arbeidsprosessen minst mogleg sårbar, så dei to fekk vettoret til å jobbe med ti låtar i eitt år. Slik blei det meir kon-

struktivt i øvingstida før innspeilinga. Då låtane skulle bli arrangert ut til alle instrumenta var det alt bestemt av Solberg og Akkerhaugen korleis materialet skulle vera. Dette var ein fin måte å gjera det på, fortel Eivind.

Handlar om å tenke seg om

Låtane på «Tell til tjuge» handlar om kjærleik og daglegdagse ting. Eivind fortel at denne studioinnspeilinga lærte han mykje.

– Produsenten vår Christer Krogh lærte meg å stemme skarptromma på ein måte som var ny for meg. Det er blitt meir plass til dei andre. Alt er spela inn live og då blir albumet også meir levande, seier Eivind.

Den raude tråden i «Tell til tjue»

ge» handlar om å tenke seg om.

– Me var gjennom ein lang tankeprosess på om me skulle lage endå eit album før me starta på denne plata, seier Eivind, som ved sidan av livet som familiefar og trommeslagar jobbar som snikkar for Riksantikvaren saman med svogeren Håkon Fjågesund.

Snart skal han og resten av Ni liv ut på miniturné i samband med platesleppet. Dei skal mellom anna til Porsgrunn 3. oktober og Bø 17. oktober.

– Me må absolutt få til ein konsert på heimebane i Vest-Telemark snart også, avsluttar trommisen Eivind og hiv seg inn i leiken med ungane som er ute på den romslege gardsplas-sen ved Seljordsvatnet.